

22 i lufta, 18 i vatnet

05.07.2011



Uskedelinger og feriegjester frå Skjåk opnar badesesongen i ettermiddag: Sandra og Jonathan Vekve og Ask og Gorm Aamodt.

Badesesongen er truleg rundt hjørnet!

I dag har termometeret vore inne i ein positiv trend og klokka 18 i kveld var det pluss 22 i lufta og 18 i vatnet.

Det må kunne kallast ein akseptabel badetemperatur.



18 grader viste dette termometeret då det vart henta opp på Neset

Målinga vart gjort nesten heilt ytterst på Neset og det er difor grunn til å tru at det er 'varmare' lenger inne i Stølavikjo, til dømes ved den stranda som ein skilde kallar 'Costa del Uskedalen'.

Der var det i alle fall eit varsomt badeliv i ettermiddag, og dei badande var både uskedelingar og feriegjester.

Skal vi håpa på at ein vasstemperatur på 20 blir nådd i morgon?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Ikkje det store innrykket førebels, men kjem det dei næraste dagane?